

Marknader og handelsveggar 1600-1800

Av Ivar Teigum

I ein av utstillingssalane I Victoria & Albert-museet I London heng eit stort biletteppe som var kjøpt I Vågå I 1884.¹ teppet skal vera vove i den første delen av 1600-talet. I Nord-Gudbrandsdalen var det fleire verkstader som dreiv med veving både av dobbeltvev og biletvev på denne tida. Motiva på biletteppa er oftast bibelske, opphavet til utforminga var gjerne henta frå grafiske blad omsette av reisande seljarar. Motiva vart sidan tekne opp att meir og mindre fritt av andre vevarar som heller ikkje trong vera så støe på dei bibelske forteljingane. Kanskje var dei meir opptekne av den tekniske utforminga av bileta, komposisjonen, og av sjølve kledraktene nytta av dei fornemme personane som tilskodaren ville møte.

Biletteppet i V&A kan vi gjerne lesa som ein teikneserie. Dominerande midt i det øvre feltet møter vi engelen Gabriel der han forkynner for Maria at ho skal føde eit barn. Til venstre i feltet har Maria gått til systema Elisabet for å fortelja kva som har hendt. Til høgre i feltet møter vi dei tre vise menn som kjem for å helse Jesusbatnet i Betlehem. I det nedre feltet har vi ei inndeling vertikalt. Til høgre får tilskodaren vera vitne til ein scene frå det populære motivet “Herodes gjestebod” (Matt. 14). I den venstre delen har dotter til Herodes fått oppfylt ynsket om å få servert hovudet til døyparen Johannes på eit fat.

Dei store biletteppa, over meteren breie og nær to meter lange, fortel om ein elite i norddalsbygdene på 1600- og 1700-talet. Anten dei hekk over husbondens plass i dei akershusiske stuene eller dei låg som overbreidsle på husbondsfolket sin senger, så var eigarane folk med gods og fe som også drog til marknader og kjøpstader med sledar eller hest og kløv for å kjøpe og selja eller for å drive bytehandel. I framstillinga avgrensar vi oss i hovudsak til 1600- og 1700-talet. Det framlagde emnet omfattar marknader og varehandel, men også spreining, gror og spiring av kreative impulsar. Forfattaren Inge Krokann formulerte i si tid påstanden om det store hamskiftet i bygdene etter 1850, eit syn som fann gjenklang i mange historiske framstillingar. Det var likevel ikkje slik at før den tid sat alle rolege på sin gard i generasjon etter generasjon, eller at mobilitet og endringar ikkje fanst.

Marknader og lokalt handverk

I yngre jernalder og i mellomalderen var Nord-Gudbrandsdalen eit sentralt område for produksjon av jern, varer av kleber, og gevir av rein. Jernvinnene var mange. I Sel og Lesja var det stor produksjon av klebergryter. Av kleber har det dessutan vore påvist produksjon av ein viss type døypefontar med såkalla troppestege.² Talrike funn av reinshornkammar i byane ar ført med seg interesse for reinsfangst og fangstprodukt, ikkje minst på Hjerkin og i Grimsdalen. Dei vanlege marknadane i tidleg nytid for gudbrandsdølane var marknaden ved Devoll ovanfor utløpet av Rauma, sidan på Veblungsnes ute ved Romsdalsfjorden, dessutan Christianiamarknaden og Grundsetmarknaden i Elverum. Kvart år var det også somme som drog til marknadssamlinga ved Tomaskyrkja på Fillefjell. Med koparverket på Røros frå midt på 1600-talet voks det fram ein marknad der kvar vinter.

¹ Victoria & Albert Museum, carpet no. 786 1884 from Vågå, Norway in the first part of the 17. century.

² Mona Bramer Solhaug 2001: *Midelalderens døypefontar i Norge*, bd 1-2, s. 141ff.



Døypefonten i Vågåkyrkja er dekorert med keltisk mønster og har ein såkalla troppestegfot typisk for ein kleberverkstad i Nord-Gudbrandsdalen på 1100-talet. Foto: Vågå kyrkjekontor.

Innanfor Nord-Gudbrandsdalen fanst det fleire marknadsplassar. Ein var Puntervangen i Grimsdalen, ein annan var den såkalla Purkeskinnmarknaden i Vågå, ein tredje var Handelsbytnan i fjellet mellom Skjåk og Romsdalen.³ Marknaden i Vågå vart arrangert på forsommaren når vestlendingane kom over fjellet med fjordingshestar. Dei vart nytta til arbeidshestar i Gudbrandsdalen og nord for Dovre medan den lokale dølahesten som vart avla fram, vart seld for gode pengar til det militære innanlands og i Danmark.⁴

Kjeldene til marknadshandelen og marknadsferdene er få og spreidde. Særleg sakna rein opplysningar som kan fortelja om omfanget. I denne artikkelen skal vi først og fremst konsentrere oss om Romsdalsmarknaden, handelen med Røros og sambandet med Christiania. Samlingane ved Tomaskyrkja på Fillefjell vart etter kvart så illgjetne på grunn av fest og fyll at styresmaktene la ned forbod først på 1800-talet.⁵ På 1700-talet var Grundsetmarknaden særleg kjend for omsetjinga av svenske jerngryter.⁶ Denne kontakten med arvefienden var noko som styresmaktene i København sette liten pris på, og som dei freista leggje ned forbod imot.

Romsdalsmarknaden ved Mikkelsmess

Pål Tolstad i Vågå var ein mektig mann som evna å gjera seg gjeldande blant embetsmennene. Hausten 1692 hadde han fått med seg amtmannen Ove Lange på at det skule kallast saman til ekstrating om setra hans som låg på Murudalen i Heidal anneks.⁷ At ein gard skule bygsle seter i grannesoknet, var i strid med lov og hevd, og heidølane likte ikke inntrengjaren frå hovudsoknet. Amtmannen på si side freista truge heidølane med straff og bortvising frå setertrakta om dei ikkje betalte ein viss sum i bygselavgift i si eiga allmenning.

³ Asbjørn Øverås 1841: *Romsdals saga: II Dansketida*, Romsdals ungdomssamlag, s. 159.

⁴ Gerhard Schøning 1980: *Reise gjennom en Deel af Norge, tredje bind*, s. 36f.

⁵ I boka *St. Tomaskyrkja på Fillefjell*. Skogstad i Valdres: St. Tomaskyrkja boklag 1966, skriv Knut Hermundstad at gåvelister med pengar til St. Thomas-kirken fra 1743 til 1807 omfatta 140 gjevarar, dei fleste frå Valdres, andre frå til dømes Hov i Land, Vardal på Toten, Hemsedal, Nes og Ål i Hallingdal, Vågå i Gudbrandsdalen, Lærdal, Årdal, Sogndal, Hafslo, Luster, Leikanger og Vik i Sogn, Nes på Hedmarken, Telemark, Bragernes (Drammen), Kristiania, Bergen, ja helt fra Kristiansands-traktene. Vi finn seks namn frå Gudbrandsdalen i perioden 1748-74, to av dei frå Vågå. Dei er Tosten Kleppe i 1751 og Marit Eiriksdotter i 1774. Ein Ola Torstad er nemnd fire gonger i åra 1748-74. Eit målarstykke, ”Jakobs drøm” vart gjeve av Øystein Ivarson i 1693.

⁶ Ivar Teigum 2004: *Bygdebok for Vågå og Sel, bd. 2*, s. 211.

⁷ RA. Statthaldararkivet, B III a 9, nr. 496.

På det neste tinget i Vågå gjekk 15 heidølar til motåtak. Ekstratinget var samankalla ved mikkelsmess medan alle var på Romsdalsmarknaden slik at berre to mann møtte. Derfor måtte vedtaket vera ugyldig. I vår samanheng fortel denne episoden at under Romsdalsmarknaden kvar haust galdt prinsippet om mann av huse meir enn nokon annan gong.



Romsdalsmarknaden, maleri av Franz Filip von Langen frå 1740 i Romsdalsmuseet. Kjelde: Bygdebok for Gausdal, bd. 2.

I 1701 skreiv stiftsamtmannen i Trondheim at til Romsdalsmarknaden kom til kvar tid opplendingane med kornlass på 3000 – 4000 hestar som dei bytte til seg mot fisk.⁸ Talet verkar stort, men let seg forklare. Held vi oss til Gudbrandsdalen, var det i 1647 om lag 1100 gardsbruk etter det som skattematrikkelen frå det året opplyser.⁹ Ei krigsskatteliste for heile Gudbrandsdalen minus Fron frå 1719 inneheld 1543 skatteytarar.¹⁰ Fron var det største av dei åtte sokna i dalen. Dermed kan vi trygt rekne med 1700-1800 oppsitjarar i futedømet på denne tida. I kvegskattelista frå 1657 rekna historikaren Yngvar Nielsen 2902 hestar i dei 8 sokna i Gudbrandsdalen, ein hest per fire personar.¹¹ Liksom i Heidal, var det ikkje mange som heldt seg heime dei par vekene romsdalsferda tok om hausten. Og til romsdalsmarknaden kom det folk også frå lenger unna på Opplanda. Frå Bergen i sør til Trondheim i nord kom det omkring 1700 kvart år 40-50 skip til marknaden ved Devoll.¹²

Fisken var viktig ikkje minst som skattevare. Det vanlege i Gudbrandsdalen var at huder og skinn vart nytta som verdimål på gardsbruk attåt gardklassesystemet med fulle, halve og øyde gardar. Men på 1600-talet er det heller ikkje uvanleg å finne pund fisk som takstmål. Det ligg nær å sjå ei slik skattevare i tidleg nytid i samanheng med den såkalla bergerfisken, eit produkt som ikkje er endeleg forklart, men som kanskje heng saman med bergenshandel, og som med det kom til Gudbrandsdalen om romsdalsmarknaden.¹³

⁸ Atle Døssland 1990: *Med lengt mot havet: Fylkeshistorie for Møre og romsdal 1671-1835*, s. 116.

⁹ Rolf Fladby og Hans Try, *Skattematrikkelen 1647, IV Oppland fylke*.

¹⁰ SAIO. Akershus stiftamt, Futen i Gudbrandsdalen, krigsskatteliste 1718-19.

¹¹ Yngvar Nielsen 1874: *Kvægholdet i Norge. Et bidrag til Norges ældste statistik*, ss. 7, 16, 24-27.

¹² Østerås, *op. cit.*, s. 165.

¹³ Sjå *Norsk historisk leksikon*.

Peder Claussen Friis (d. 1614): *Norriges Beskriffuelse*

Dei som bur i Gudbrandsdalen kjem kvart år ned i Romsdalen til marknaden for å kjøpe fisk og salt og anna slikt, stundom dreg dei også til marknader på Sunnmøre og Nordmøre, og romsdølane dreg også opp på fjellet imot Gudbrandsdalen med fisk og annan kjøpmannskap til visse tider om året slik at ein der oppe i landet kan kjøpe bergensfisk betre enn i Bergen.¹⁴

I handelen med korn veksla overskotsår med underskotsår. Frostår vart følgde av naud og død. I bygdeboka for Gausdal har Finn Erhardt Johansen gjort ei grafisk framstilling av år med overskot av dødsfall i prestegjeldet som kan gjelde meir generelt.¹⁵ Der kjem fram åra 1695, 1741, 1771, 1807, 1812 og 1816. Vi kunne ha starta med året 1600 da eit utbrot i vulkanen Huanyaputina ved Arequipa lengst sør i Peru hadde eit utbrot så stort at det vart lagt ein kald skugge over heile verda.¹⁶ I 1815 var det vulkanen Tambora på Java som slo til. I mellomtida førde den vesle istida med seg ustabile klimatiske forhold med kuldebolkar og brevokster.



Vulkanen El Misti nær byen Arequipa i Peru. Foto: Ivar Teigum.

I 1812 var landet ramma av misvokster og britisk blokade. I Vågå gjekk alt som fanst av kontantar med til kornkjøp, skriv den seinare stortingsmannen Ole Paulsen Haagenstad.¹⁷ Resten av 30 000 riksdalar fekk dei på kreditt. Med ein hårreisande pris på 88 riksdalar per tønne vart det innkjøpt 340 tønner bygg som vart frakta med hest opp Romsdalen og over Lesja og Slådalen til hovudsoknet i Vågå. Ei tønne romma vel 139 liter. Samanlikna med forholda i 1808 hadde prisane skote rett i veret. Da selde bønder i Lom og Skjåk 340 tønner rug til kornmagasinet i Løten for 12 riksdalar per tønne.¹⁸ Prisen på bygg var 10 riksdalar det same året.

Lesja prestegjeld hadde strenge naturforhold og skyssplikt over lange avstandar som kjennemerke. Derfor gjekk styresmaktene på 1600-talet med på skattereduksjonar og fritak

¹⁴ Østerås, *op. cit.*, s. 160.

¹⁵ Finn Erhard Johannessen 1990: *Gausdal bygdehistorie, bd. 3: Folketilvekst og levekår 1530-1800*, Gausdal kommune, s. 102f.

¹⁶ Brian Fagan 2002: *The Little Ice Age*, ss. 104-05, 167-68.

¹⁷ OANV. A-0032. Trygve Håkenstad, *gardshistorie*, ss. 21-26.

¹⁸ Hans P. Hosar 1998, *Skjåk bygdebok*, bd. 2, s. 35 og note 27.

for soldatteneste for folket der. I samband med innføringa av nye avgifter på 1670-talet såg lesjingane seg likevel nøydde til å sende ein delegasjon til København for å minne om grunnlaget for fritaka dei var gjevne. Eitt av punkta dei tok opp, galdt skyssferder over Dovrefjellet vinterstid, og det meiningslause i at så mange som tolv mann laut til for å skyssse ein enskild embetsmann over fjellet til Oppdal. Korn var det vanskeleg å dyrke fram, derfor satsa dei på feavl, handel og handverk. Fleire er dei på 1700-talet som kommenterar transithandelen over Lesja med fisk og andre varer heilt til Toten og korn attende den same vegen. Den andre vegen frå Lesja var utskipping av stangjern ei viktig verksemd. Til det føremålet hadde Lesja jernverk sett seg opp brygge og lager på Veblungsnes der Romsdalsmarknaden var plassert nokre enskildår også på 1700-talet.¹⁹



Detalj frå altartavla skoren av Jakob Klukstad i Lesja kyrkje. Kjelde: Programbladet.

Ei interessant side ved denne handelsorienteringa gjeld handverket. I hovudoppgåva si i historie drøftar Gunnar Rudie den sosiale og økonomiske bakgrunnen for handverket i Nord-Gudbrandsdalen i perioden 1750-1860. Han konstaterer at medan åtte handverk hadde utøvarar i Vågå i den siste delen av 1700-talet, så var 13 ulike handverk representerte i Lesja.²⁰ Alle bygder hadde smedar, skreddarar, snekkarar, tømrrarar og skinnfellmakarar, også ein og annan urmakar og salmakar. I Lesja prestegjeld i 1801 fanst også dei som kalla seg felemakar, buntmakar, massingsmed, målar og sølvsmed. Skilnaden på yrkesvariasjon forklarar Gunnar Rudie med ulik eigedomsstruktur i dei to prestegjelda. Vågå og Lom hadde så mange velstående bønder at dei var i stand til å betale for høgt spesialiserte tenester frå profesjonelle handverkarar. Ei krigsskatteliste frå 1719 viser at i Vågå betalte 18 prosent av skatteytarane seks riksdalar og meir, somme over tjue.²¹ I Lom betalte 14 prosent over seks riksdalar. Annleis var det på Lesja. Der kunne handverkarar også nå langt slik som Jakob Klukstad med trearbeid og sønene hans med måling. Men der måtte dei fleste spreie seg på fleire verksemdar på kostnad av spesialiseringa. I Lesja prestegjeld betalte ein av 212 skatteytarar seks riksdalar og meir til krigskassa.

¹⁹ Østerås 1841, *op. cit.*, s. 164.

²⁰ Gunnar Rudie 1958: *Bygdehandverket i Nord-Gudbrandsdal ca 1750-1860: Dets sosiale og økonomiske bakgrunn*, ss. 45 og 54f.

²¹ RA. Akershus stiftamt, futen i Gudbrandsdalen 1718-19, krigsskatteliste.

Til Røros og Folldal verk

Da koparverket Guds gave i Kvikne i Nord-Østerdalen vart opna i 1631 skulle det seiast fram ei takkebøn i alle kyrkjene i landet, og kongen sjølv drog på synfaring etter at drifta var komen i gang. Tiltaket fekk verknad i vid omkrins. Alt i 1637 kravde bøndene i Vågå, Lom og Skjåk fritak eller skattelette for det ulidelege arbeidet med vedhogging, kolbrenning og frakt med eigne hestar for koparverket på den andre sida av Dovrefjellet.²² Nokre år seinare reiste dei sak på grunn av manglande betaling for 258 famnar ved dei hadde levert til verket på Kvikne. I 1642 vart det første privilegiebrevet utferda for Det gudbrandsdalske koparverket i Sel, og to år seinare for koparverket på Røros, i 1659 jernverket i Lesja. Etter funnet av koparmalm i Folldalen i 1748 vart verksemda ved Frederiksgave i Sel flytta dit.

Det er særleg kornleveransane til Østerdalen som har vore vektlagde i den lokalhistoriske litteraturen. Vareleveransane til verket på Røros og Folldal låg under handelshus i Trondheim. Dei kjøpte til underpris og selde til overpris, og gjorde gode pengar. Det gjorde nok bøndene også. Til Folldalen var avstanden så stor at gudbrandsdølar og hedemarkingar fritt fekk levere varer dit. Det galdt først og fremst korn. Historikaren Knut Sprauten som mellom anna har studert arkivet etter forretningsmannen Horneman i Trondheim, reknar med at i perioden 1754-62 utgjorde utbetalingane til bønder og verksarbeidarar i Folldal 24 000-28 000 riksdalar årleg.²³ I gode år kunne det koma så mykje som 100 tonn bygg- og havremjøl til Røros frå sønnafjells, og elles ost, vottar, skjorter og sokkar.²⁴ Heilt frå Romsdal kom det kjøt og fleisk til bergstaden.

I fjella i Selbu i Trøndelag vart det starta produksjon av kvernsteinar i stor stil på 1600-talet. Med tida kunne det vera så mange som 200 mann i arbeid der utover hausten og vinteren.²⁵ Det meste av steinen vart frakta til Trondheim og vart utskipa der til mange distrikt. Men ein del kvernsteinar vart også omsette på Rørosmarknaden. Frå reisa si gjennom Gudbrandsdalen i 1775 nemner Gerhard Schøning selbusteinen og samanliknar med den lokale kvernsteinen frå Tolstadkvernberget i Vågå. Sjølve steinen frå Selbu gjekk da for å vera hardare, men mjølet under tolstadsteinen meinte dei var betre, skriv han. Femten år seinare skreiv amtmann Sommerfelt ein rapport om embetsdistriktet sitt. Der går det fram at kvernstein frå Selbu fanst over heile Opplanda, det vil seia dei seinare fylka Hedmark og Oppland. Med det var kvernsteinen frå Tolstad i ferd med å bli utkonkurrert på heimebane enda han også var kjend langt av lei.

Kornleveransane til Nord-Østerdalen heldt fram heilt til jernbana der kom i drift på 1870-talet, og importkorn utkonkurrerte gudslånet frå grannedalføret. Samstundes og delvis som ein verknad, kom omlegginga i jordbruket frå korndyrking til grasproduksjon og fedrift. Bøndene i Gudbrandsdalen stod andsynes valet mellom store investeringar og utvandring til Amerika. Under desse vilkåra fall gardprisane dramatisk, og tapet av inntektene frå østerdalshandelen kunne ruve større enn det eigentleg var grunnlag for. Det går fram av ein søknad til staten skriven seint på 1880-talet av den seinare ordføraren i Sel, Johan Nygaard, i eigenskapen som leiar i “Komiteen for Sellsmyrenes Udtapning”.²⁶

²² *Norske Herredags-Dombøker*, tillegg til 1.-4. rekke, s. 440f; sjå også Hans P. Hosar 1995: *Skjåk bygdebok*, bd. 1, s. 49

²³ Teigum 2004, *op.cit.*, s. 181, note 57.

²⁴ Knut Sprauten 2008: “I dørtrekken frå Europa. Røros kobberverk på 1700-tallet”, *Årbok for Nord-Østerdalen*, s. 63.

²⁵ Sjø Ivar Teigum 2011: “Tolstadkvernberget – frå kongeleg pant i Amsterdam til bondegods i Vågå”, *Heimen*, nr. 1, s. 56.

²⁶ OANV. A-0274 Sellsmyren.



Tolstadkvernberget i Vågå, handkvernemne. Foto: Ivar Teigum.

Dei vide Selsvollane i Gudbrandsdalen vart oppdemde i austenden av Storofsen i 1789, og vart omgjorde til eit myrlandskap med årlege oversvømmingar. Frå midt på 1800-talet vart det arbeid for å få kontroll på vassføringa i elva med uttapping og drenering av myrlendet. I denne samanhengen var det at Johan Nygaard nytta tapet av kornhandelen til Nord-Østerdalen som eit viktig argument for å få støtte frå Stortinget til dreneringsarbeidet. Han hadde gått inn i likningsprotokollen og samanlikna formue og inntekt for gardar i Sel i ein tiårsbolk frå 1878, og kunne påvise at både formue og inntekt hadde sokke til det halve i jordbruket. Den same vegen hadde det gått med eigedomsprisane. Pantegjelda i Sel per skylddalar balanserte med omsetjingsprisane. På tidspunktet for søknaden hadde østerdalshandelen gått attende i 15-20 år, men ruvde framleis så mykje i medvitet til lokalpolitikaren at han kunne verke gangbar i ein argumentasjon for eit framtidig dyrkingsprosjekt.

Ferdturane til Christiania

Gjennom skogar og bygder, langsetter elver og over tilisa vatn gjekk transportane frå Nord-Gudbrandsdalen til Christiania på 1600-talet. Det galdt kopar, kvernsteinar og slaktefe, seinare tømmer fløytt på elvene og samla i store bommer over Mjøsa. Særleg oppdrett og avl av hest til det militære gav gode inntekter.

I året 1627 gjekk det ut bod blant bøndene i hovudsoknet i Vågå prestegjeld at dei skulle samlast til vedlikehald av Sundbrua i austenden av Vågåvatnet. Brua, som av Peder Claussøn Friis var rekna for den lengste i landet, hadde 22 kar og vedlikehaldet var fordelt mellom gardane etter gardsklasser og plassering i bygda. Grunn for samankallinga var drift av kongens slaktefe.²⁷ På 1700- og 1800-talet veit vi at driftefeet frå Vågå vart samla for å beite seg opp i Heimdalen på Valdresflya før det vart drive vidare til Christiania om hausten. I fleire brev frå vågåpresten Johan Storm omkring 1760 går det fram at fehandlaren Eirik Kvarberg gjorde seg klar til byferda i siste halvdel av august, og var heime att ved midten

²⁷ Teigum 2004, *op.cit.*, s. 24.

av oktober.²⁸ Med Høgfjellskommisjonen som hovudkjelde skriv Egil Ulateig utførleg om fehandlarane frå Lesja framover mot den første delen av 1900-talet.²⁹



Vågåmo med Sundbrua og Vågåvatnet. Foto; Dagningen, GD sitt bildearkiv.

I 1688 skikka Margrete Grüner ein søknad til statthaldaren om dekning av utgiftene tiol henting av to kvernsteinar frå Gudbrandsdalen.³⁰ Margrete Grüner åtte møllebruket i Nedre Foss i Akerselva som tidlegare hadde høyrte til krona, og som var kjøpt av mannen hennar, som nå var død. Søknaden fekk ho innvilga ettersom dette hadde vore skikken tidlegare. Det er liten tvil om at det her dreia seg om kvernberget under Tolstad på Lalm. Tolstadkvernberget var kjent på 1400-talet. På 1600-talet låg det først under krona og vart deretter pantsett til handelshuset Marselis i Amsterdam. Kvar tredje uthoggen stein skulle tilfalle eigaren til ein viss pris, og ser ut til å ha vorte frakta til Christiania for vidare omsetjing. Frå 1640-talet vart vintervegen frå Vågå om Mjøsa til Christiania jamt halden oppe med koparfraktene som også skulle utskipast frå Christiania. Først etter kvart kom elvetransporten med tømmer. På 1720-talet kasta tømmerhandlarane i Christiania augo sine på skogressursane i Gudbrandsdalen. Den lokale partnaren deira var Tosten Hjelle på Dovre.³¹ Da han gjekk dundrande konkurs i 1744, mangla han dekning for kredittar på over 50 000 riksdalar, kanskje som eit resultat av hardåra tørst på 1740-talet. Også andre kunne gjera det godt på tømmerسال. I 1755 fortel vågåpresten Johan Storm at berre der i soknet kunne enkelte år om anna gjera så mykje som 1000 riksdalar på tømmer.³²

Ein av dei som tidleg satsa på hestavl, var Henrik Jacobsen Schmidt, sorenskrivar i Nord-Gudbrandsdalen 1688-1719. Sorenskrivaren hadde ikkje berre ein av dei største buskapane i distriktet, han var den einaste, og kanskje den første i Vågå prestegjeld som dreiv stort med hestavl i tiår som i somt var merkte av stagnasjon. Matrikkelen frå 1668 reknar 220 og 1723-

²⁸ Ein transkribert kopi av brevsamlinga etter Johan Storm frå 1755-62 finst i Opplandsarkivet, avdeling Vågå (OANV.) i arkivet etter Randi kleiven, ask 2; om Eirik Kvarberg og byferder 1755, 1759, 1760, 1762.

²⁹ Egil Ulateig 2010: *I hjartet av Norge: Fjellriket Dalsida*, Lesja kommune, ss. 205-221.

³⁰ Teigum 2011, *op.cit.*, s. 47.

³¹ Gunnar Kaas og Arnfinn Engen 2003: *Bygdabok for Dovre: Gardar, hus og folk fro Hjerkin til Hjelle*, s. 340f.

³² Johan Storm, brev til Hans Krejldal 08.11.1755, OANV. Randi Kleivens arkiv, ask II.

utkastet 210 brukseiningar i Vågå prestegjeld.³³ Berre nokre få gardar hadde så mange som åtte-ni hestar. I 1723 galdt det Vågå prestegard og elles Håkenstad, som hørte til Schmidt-familien. I annekset Sel galdt det gardane Romundgard og Breden, som hadde postføring og gjestehald. I hovudsoknet og Heidal hadde dei største gardane sju-åtte hestar, sjølveigaren på storgarden Bjølstad så mange som 11. Elles i tidsromet mellom dei to matriklane var det ein faktisk nedgang på femti hestar frå 610 dyr i 1668 til 572 dyr i 1723. Særleg var nedgangen stor i Sel med ein nedgang frå 208 til 127 dyr, frå 34 til 22 prosent av totaltala i heile prestegjeldet. Ei viktig forklaring galdt køyringa for koparverket, som hadde gjeve ei ekstra inntekt så lenge som drifta der var i gang.³⁴ Mot denne bakgrunnen vart embetsmannen Henrik Schmidt også i lokal nærings-samanheng ein stor kakse med sine 47 hestar i 1719. Utover i hundreåret kunne 3-4 år gamle dølahestar bli betalte med 50-60 riksdalar, og mange satsa på avl.

Attende frå Christiania kom varer av ulike slag liksom frå Romsdalsmarknaden. I 1740 vart det skifta etter Ole Simensson på Laurgard i Sel.³⁵ Far hans kom frå Tolstad i Vågå og åtte frigarden Tofte på Dovre, den første kona hans var dotter til den rike Tosten Hjelle, tømmerhandlaren. I skiftet finn vi mellom anna to tønner robakk som han hadde fått oppover frå Christiania – 279 liter. Frå 1753 kom ei ordning med landkremmarar. Til Nord-Gudbrandsdalen kom det snart ein handelsmann med borgarbrev i Christiania og sette seg ned i Vågå. Han fekk ei tung bøl å bera i kamp med lokale pirathandlarar. Ein Guttorm Bottheimsbrekken stilte seg opp bak Vågåkyrkja ein messesøndag og baud fram ein sekk med lingarn som han ville selja.³⁶ Landkremmaren kom og ville ta arrest i varene, men da stod ein mann fram og forkynte at kremmaren fekk lesa opp løyva si før han tok noko frå ein skattebonde. Ein dovring med jord som dreiv handel, var meir verd enn ein landkremmar med kongeleg brev og borgarskap i Christiania.

Brev frå Johan Storm til Hans Krejdal

I Munchmuseet i Oslo finst eit portrettmaleri av Christine Storm Munch, prestefrua i Vågå frå 1776.³⁷ Målararen var Peder Aadnes. Drakta prestefrua er portrettert i, er både overdådig og pompøs. Om ho faktisk har gått i ei slik drakt i fjellbygda slik forfattaren ymtar om, kan ein sakte spørja seg om. Det var heller vanleg at målarane nytta sjablongar ved slike høve som den portretterte kunden kunne godkjenne. Slik har i alle fall Christine Storm Munch likt å framstå. Det høyrer med i historia at presteparet Munch ikkje gjorde mykje for å bli velsedde i Vågå. I alle fall hadde embetsfolket sine eigne nettverk, og dei hadde sine eigne kanalar med omsyn både til vandel og handel.

Johan Storm, far til Christine Munch, var prest i Vågå 1745-76. I sju år frå 1755 hadde han eit brevbyte med tukthusinspektøren i Christiania Hans Krejdal. Brevsamlinga på over åtti brev frå Storm vart i si tid teken vare på av professot Oluf Kolsrud, som også fekk ho transkribert.³⁸ I breva møter vi kvardagen for ein embetsmann i fjellbygda. Bakgrunnen sin har han frå Christiania, og dit lengtar han attende. Likevel nemner han berre ei christianiareise under dei sju åra som brevsamlinga dekkjer. Barna veks opp og dreg til København, og er heime på ferie. Gjennom breva møter vi andre embetsmenn i Vågå, kapellanen, studenten som

³³ RA. Matriklane for Nord-Gudbrandsdal 1668 og 1723.

³⁴ Teigum 2004, *op.cit.*, s. 57f.

³⁵ SAIH. Skifteprotokoll for Nord-Gudbrandsdalen, 1740.

³⁶ SAIH. Tingbok for Nord-Gudbrandsdalen, nr. 7 (1756), fol. 125a.

³⁷ Barbro Tronhus Storlien 2009: "Fransk mote i Vågå", *Årbok for Gudbrandsdalen*, s. 9.

³⁸ Brevsamlinga etter Johan Storm.

underviser prestesonen Edvard, kapteinen og sorenskrivaren Carsten Hauritz. Hauritz, som hadde problem med alkohol og sat i stor gjeld, var gift med det yngste skotet på greina som lenge hadde hatt tilhald i Vågå av embetsfamilien Stockfleth.



Portrett i Munchmuseet av prestefrua Christine Munch, dotter til soknepresten i Vågå Johan Storm, måla av Peder Aadnes ca 1780. Kjelde: Årbok for Gudbrandsdalen.

I Vågå hadde den første landkremmaren etablert seg i 1753, men Storm har sitt eige nettverk i Christiania og dessutan ein forretningskontakt i København. I Christiania har han dessutan ein bror og ein annan forretningskontakt. Frå fabrikkauksjonane ved tukthuset skaffar han seg lerretstoff og tobakk, inspektør Krejldal skaffar han elles delikatessar slik som ost, flyndre og te, og ved eitt høve sitron. Brev, pengepost og aviser går mellom Nord-Gudbrandsdalen og Christiania ein gong i veka. Aviser abonnerer Storm på saman med kapteinen og kapellanen. Bokkassene frå København er det han må vente lengst på. Elles er det mange som har ærend til byen. Faste årlege reiser gjeld marknadsturane til Christiania på nyåret. Da er mange i veg. Så er det kopar-Jakob som køyre lass frå Folldalen. Ved månadsskiftet august-september dreg slaktehandlaren Eirik Kvarberg med driftefe. Alle har presten kontakt med og får ordna ærenda sine. I eit par tilfelle lærer vi at ein dreng har fare heile vegen frå Vågå sommarstid med kjerre. Presten har eigen karjol, men sjølv prestisjekøyretyet er ein måla, dekorert og forgylt skysslede som han også får gjort seg i byen.

Den 8. februar 1756 fortel Storm at han har ein mann på veg til Trondheim etter sild og hamp, ein annan til Grundset etter jern og humle, ein til Romsdalen etter fire tønner salt, og ein til lesjeverk etter ein "oxehovet viin". Desse ferdreisene når dei kjem i ein hop, ville for ein mann med måteleg formue utgjera proviant for eit heilt år frå stabburet. Sist haust hadde han tre hestar på Romsdalsmarknaden etter lin og tørrfisk. Han samanliknar seg med brevvennen som kan handle alt utanfor døra medan han sjølv må ut med 100 rd for transport.

Amtmann Sommerfelts kommentar i 1790

I dei to hundreåra mellom vulkanane Huangaputina i 1600 og Tambora i 1815 gjekk samfunnet også i Gudbrandsdalen igjennom vesentlege endringar. Det galdt særleg folketal og sosial struktur. Om vi held oss til Yngvar Nielsen som meinte at kvar talde hest i 1657 tilsvara fire personar, så skulle folketalet på det tidspunktet ligge på 12 000. I 1801 hadde folketalet i

dei åtte prestegjelda runda 24 000. I same perioden hadde det vakse fram ein markert underklasse av husmenn og nybyggjarar.

I 1777 reiste studenten Nicolai Lassen på ei studieferd gjennom Gudbrandsdalen. Han tykte at mange gardar var for store.³⁹ Hadde dei berre vore familiebruk, ville det ikkje ha vore bruk for så mange tenarar, og dei som nå var husmenn, ville ha vore meir arbeidssame. Han merka seg at mange stod seg godt og samla seg store midlar på bytehandelen med fe og fisk frå nordafjells mot korn frå austlandet.⁴⁰ Somme i Gudbrandsdalen kunne hauste det dobbelte av årsbehovet for korn. Men dei som budde høgt oppe i dalane, måtte dei fleste år kjøpe korn både til forbruk og såfrø. Eit tredje forhold galdt forma på handelen. Midt på 1600-talet var bøndene i Sel glade for pengane dei fekk for køyring til koparverket slik at dei hadde å betale skatten med. Utover på 1700-talet var forbruket på veg opp, og pengar var i ferd med å erstatte varebyttet som handelsform.

Christian Sommerfelt var den første amtmannen i Christians amt. I 1790 skreiv han ei beretning om tilstanden i amtet som summerer opp utviklinga til da. Når det galdt handel og forbruk blant allmugen, hadde han det same synet som var det vanlege hos styresmaktene: “Dersom ikke overdaadighed saa meget havde indsneget sig og misvæxt saa ofte indfalt, skulle Bønderne ikke have meget at hente fra kjøbstædene og andre Egne end Salt, jern, og nogle Fiskevarer”.⁴¹ Synet hans på produksjon og vareomsetjing frå distriktet er framleis merkantilistisk, merkt av ei tru på stor utførsel og liten innførsel “Paa Røraas er det fordelagtigste Marked for Kornvarer, og derfra tages Fiskevarer og Møllestene tilbage, men Vejen er lang og fra Kornbøyerne her kan ingen betydelig Transport derhen ske, førend Mjøsen er belagt med sterk Iis [. . .] Til Foldalens Verk og til Glasverkerne sælger de nærmeste Bøjder nogle Fødevarer. Til Trondhjem og Romsdalen handles noget fra Guldbrandsdalen, men i øvrigt føres det meste af Mel, Gryn, Fedevare, Slagt og Heste til Christiania, noget mindre til Drammen, og fornemmelig vævne (det er vævede Tøjer) og Heste til Kongsberg. Til Grundset-Market bringes Heste, Vildt og Fedevare”.⁴²

Elles var transporten av varer eit vedvarande problem på Opplanda: “Slagteqvæget og en Deel Heste drives til Kjøbstæderne om Efteraaret, men ellers skjer næsten alle Bøndernes Færdes-Rejser paa Vinterføret. Dette er efter Landets Beskaffenhed beqvæmmest, men især nødvendigt for dette Amt, som har haft stor Mangel paa brugbare sommergeje, og formedelst saadan Mangel er udelukket fra Handel med det temmelig nær liggende Bergen. [. . .] Ved Kjørseler og Drifter har almuen her liden anledning til at fortjene noget, naar jeg undtager Hadeland. Dog kan vel dertil henregnes den Handel, som Guldbrandsdølerne drive ved at kjøbe Fiskevarer i Romsdalen, hvilke de fører du til andre Bøjder, og sælge eller omsætte imod Korn”.⁴³ Den gamle kongevegen hadde ingen dobbelte spor.

³⁹ Nicolai Christian Lassen 1988: *Dagbog over en Reise igjennem Guldbrandsdalen*, København 1778, andre opplaget, ss. 39-41.

⁴⁰ *Ibid.*, s. 33f.

⁴¹ Amtmann Sommerfelt 1928: ”Efterretninger angaaende Christians Amt forfattet 1790, trykt 1795-96”, *Bygd og bonde*, s. 50.

⁴² *Ibid.*, s. 64.

⁴³ *Ibid.*, s. 66.